



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom Dybwad, 5764 3123

Høyring av framlegg til forvaltningsplanar for Breisete naturreservat og Rodeholene naturreservat

Statsforvaltaren sender med dette framlegga til forvaltningsplan for Breisete naturreservat og for Rodeholene naturreservat på høyring. Frist for å kome med fråsegn til dei to forvaltningsplanane er 15.03.2022.

Vi viser til brev sendt 22.03.2022 om oppstart av arbeidet med desse to forvaltningsplanane. Breisete naturreservat og Rodeholene naturreservat vart baa oppretta ved kgl.res.22.06.2018 gjennom frivillig skogvern. Statsforvaltaren i Vestland er forvaltningsstyresmakt for dei to naturreservata.

Føremål med forvaltningsplanar

Ein forvaltningsplan skal vere eit hjelpemiddel for å oppretthalde verneformålet og for å fremje verneverdiane. Forvaltningsplanar blir utarbeidde innanfor rammene i gjeldande verneforskrift, og verneforskriftene vert ikkje endra gjennom utarbeiding av forvaltningsplan. Forvaltningsplanar skal også fungere som rettleiar for forvaltningsstyresmaktene. Ein forvaltningsplan er ikkje eit juridisk bindande dokument, men skal avklare handtering av verne- og brukarinteresser i området på bakgrunn av verneforskrifta som gjeld i områda. Verneforskrift og grenser er såleis ikkje tema ved utarbeiding av forvaltningsplanar.

Kort om Breisete og Rodeholene naturreservat

Føremålet med oppretting av Breisete naturreservat går fram av § 1 i verneforskrifta: *«Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område med sitt biologiske og geologiske mangfald, som representerer ein bestemt type natur i form av eit stort og lite rørt skogområde med eit stort mangfald av skogs- og vegetasjonstypar, der større delar har areal med urskogprega skog. Området inneheld mykje daud ved. Målet er å ta vare på området i mest mogleg naturleg tilstand, med stadeigne artar og naturtypar, fugle- og dyreliv, og skogdynamikk styrt av naturlege prosessar.»*



Føremålet med oppretting av Rodeholene naturreservat går fram av § 1 i verneforskrifta: «Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område med sitt biologiske og geologiske mangfald, som representerer ein bestemt type natur i form av eit stort og lite rørt skogområdemed eit stort mangfald av skogs- og vegetasjonstypar, der større delar har areal med urskogprega skog. Området inneheld mykje daut ved. Målet er å ta vare på området i mest mogleg naturleg tilstand, med stadeigne artar og naturtypar, fugle- og dyreliv, og skogdynamikk styrt av naturlege prosessar.»

Det er store allmenne interesser knytte til dei to naturreservata, samstundes som det er store naturverdiar i området. Spesielle utfordringar er at det gjennom Rodeholene naturreservat går ei kraftlinje og ein grusveg, og for Breisete naturreservat at omkransar Breisetevatnet som er drikkevasskjelde for Sogndal kommune.

Kunnskapsgrunnlaget i dei to naturreservata er godt gjennom undersøkingane som vart gjennomført i løpet av verneprosessen. I tillegg er det gjort nye undersøkingar i Breisete naturreservat i 2021. Vi ser det difor ikkje pr. i dag som aktuelt med nye biologiske undersøkingar i dei to områda.

Innkomne innspel til oppstartsmeldinga

Det kom tre innspel til oppstartsmeldinga; frå NVE, Kaupanger Hovedgård og Sygnir.

1. NVE hadde ingen merknader.

2. Kaupanger Hovedgård tok opp at hjortejakta er viktig i dei to naturreservata slik at hjortestamma er berekraftig i framtida. Dei ønskjer at det er mogleg å køyre med 4-hjuling for å ta ut vilt, men med aktsemd, og at det er med eit punkt om jakttårn og siktsoner. Småtre må kring Breisetestølen må kunne fellast. At det er mogleg å med m.a. opning for å felle småtre til ved kring Breisetestølen. Informasjonsskilt om naturreservata må få fram kor det er lovleg og ulovleg å sykle på stiar.

3. Sygnir, som er eigar av nettanlegg i området (Rodeholene) tok opp at dei har behov for å kunne drifte, vedlikehalde og bygge nye nettanlegg i sitt konsesjonsområde, og viser til verneforskrifta sine punkt om kraftlinjer. Forvaltningsplanen må ta omsyn til drifta av nettanlegga slik at Sygnir kan kome til og gjennomføre drift og tiltak på ein rasjonell måte.

Innspela er alle følgt opp så godt det har late seg gjere i medhald av verneforskriftene for Breisete naturreservat og Rodeholene naturreservat.

Vidare prosess

Statsforvaltaren vil gjere sitt til at prosessen med forvaltningsplan for dei to naturreservata skal vere ein open prosess med gode høve til å kome med innspel for alle som ønskjer det. Vi vil samarbeide med Sogndal kommune, grunneigar, rettshavarar og organisasjonar gjennom prosessen. Det kan vere aktuelt å arrangere eit ope møte som ein del av høyringa av framlegget til forvaltningsplan.

Som ein del av arbeidet med forvaltningsplan, er det aktuelt å opprette eit felles rådgivande utval for dei to naturreservata. Aktuelle medlemmar i eit slikt rådgivande utval er grunneigar, skogbruksorganisasjon, Sogndal kommune, Kaupanger grendalag og Kaupanger Idrettslag. Vi ber særskilt om innspel om det bør opprettast eit felles rådgivande utval for dei to naturreservata.

Etter høyringa vil Statsforvaltaren gå gjennom alle fråsegner til framlegget til forvaltningsplan og innarbeide desse så langt det let seg gjere i medhald av verneforskrift og verneverdiar.



Forvaltningsplanane for Breisete naturreservat og for Rodeholene naturreservat vil truleg vere ferdig godkjend i løpet av 2023.

Forvaltningsplanane for Breisete og Rodeholene naturreservat kan ein også finne på Statsforvalteren si internettside: www.statsforvalteren.no/vestland

Frist for å kome med fråsegn til dei to forvaltningsplanane er 15.03.2022.

Fråsegner skal sendast til Statsforvalteren i Vestland, sfvpost@statsforvalteren.no. For meir informasjon kontakt prosjektmedarbeidar Tom Dybwad (tlf. 57 64 31 23, e-postadresse fmsftd@statsforvalteren.no).

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiarseksjonsleiar

Tom Dybwad
prosjektmedarbeidar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Breisete naturreservat – framlegg til forvaltningsplan
Rodeholene naturreservat – framlegg til forvaltningsplan

Mottakerliste:

Sabima	Mariboës gate 8	0183	OSLO
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
SOGNEKRAFT AS	Røysavegen 1	6893	VIK I SOGN
BRATT MORO AS	Postboks 164	6851	SOGNDAL
Sogndal og Leikanger Bonde- og Småbrukarlag	Olav Nesse	6856	Sogndal
Sogndal Bondelag	Magne Selseng	6854	Kaupanger
Mette M Strand Heiberg	Øvre Amla 14	6854	Kaupanger
Torbjørn Olstad	Øvste Skogen 29	6854	KAUPANGER
Gunnar Dalaker	Øvste Skogen 41	6854	Kaupanger
Torleiv Bjørk	Bjørkavegen 47	6854	KAUPANGER
Jomar Haukås	Porsmyrvegen 2	6854	Kaupanger
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
SOGNDAL KOMMUNE	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Åshild Øyre	Øyragrendi 108	6858	FARDAL
SOGN OG FJORDANE TURLAG	Storgata 1	6993	HØYANGER
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Vestland Bondelag	Hafstadvegen 21	6800	FØRDE
SOGN TERRENGSYKKEL	c/o Petter Andreas Strøm Kleivane 27	6856	SOGNDAL
Kjellaug Olstad	Skogavegen 240	6854	KAUPANGER



Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
SYGNIR AS	Røysavegen 1	6893	VIK I SOGN
Tommy Olstad	Skogavegen 244	6854	KAUPANGER
Bjørn Bjørkum	Kvernavegen 26	6854	KAUPANGER
NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Helge Ruud	Øvste Skogen 94	6854	KAUPANGER
UNIVERSITETET I BERGEN	Muséplassen 1	5020	BERGEN
UNIVERSITETSMUSÉET I BERGEN			
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
SOGNDAL TURLAG	Helgheimsvegen 14	6856	SOGNDAL
Nils Joachim Knagenhjelm	Jektestrondi 2	6854	KAUPANGER
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
KAUPANGER IDRETTLAG	Kaupanger idrettslag	6854	KAUPANGER
	Postboks 30		
Sogndal jeger- og sportsfiskarlag			
Bjørnar Aaberge Dale	Øystein Dale, Skogavegen 186	6854	Kaupanger
Oddbjørn Hauståker	Øvste Skogen 31	6854	Kaupanger
Magne Bruland Selseng	Skogavegen 88	6854	Kaupanger
VISIT SOGNEFJORD AS	Fosshaugane Campus	6856	SOGNDAL
	Trolladalen 30		
UNIVERSITETET I BERGEN DET MATEMATISK-NATURVITENSK FAK	Postboks 7803	5020	BERGEN
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
SOGNDAL IDRETTLAG, orienteringsgruppa	Postboks 164	6856	SOGNDAL
Steinar Bødal	Skogavegen 189	6854	Kaupanger
Tommy Skjerven	Einavegen 3	6854	KAUPANGER
SOGN OG FJORDANE BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	c/o Marit Randi Milde	6811	FØRDE
	Angedalsvegen 639		